



Gloppen kommune

Landbruk

Landbruks- Og Matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Vår ref. (oppgje ved svar)
26/9414

Dykkar ref.

Dato
23.04.2026

Høyringsinnspel til forslag til nye forskrifter og endringer i eksisterende forskrifter på viltområdet

Samfunnsutvalet- 019/26, har i møte 15.04.2026 09:00 fatta følgjande vedtak:
Gloppen kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel: Framlegget til § 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta er svært utfordrande å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje for store ressursar og er unødvendig byråkratisk. Ei eventuell opning av bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå, eventuelt av Fylkeskommunen på regionalt nivå.

Teksten i § 29a bør endrast til:

«Restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord».

Om det er uaktuelt å endre til forslaget over, bør det i alle fall endrast til noko ala:

«Fylkeskommunen kan fastsette forskrift om bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt. Det kan åpnes for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt i regioner der overvåkingsprogrammet for hjortevilt har godtgjort lave gjennomsnittlige slaktevekter og lav produktivitet for ungkoller, henholdsvis under 45 kg og færre enn 50 % av kollene tar kalv ved 1,5 års alder».

Samrøystes vedteke

Klage

Det kan klagast over vedtaket etter reglane i forvaltningslova av søkjar eller andre som etter ei konkret vurdering har rettsleg klageinteresse. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt melding om vedtaket er kome fram til part, eller frå det tidspunkt de fekk eller burde skaffa kjennskap til vedtaket. Klaga skal vere skriftleg og grunngjeven.

Helsing

Lindis Bergland Østgård
utmarksforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Adresse
Grandavegen 9, 6823 Sandane

Telefon
57 88 38 00

Org. nr
964 969 124

E-post
post@gloppen.kommune.no

Internett
www.gloppen.kommune.no



Saksnr.	Utval	Møtedato
019/26	Samfunnsutvalet	15.04.2026

Høyringsinnspel til forslag til nye forskrifter og endringer i eksisterende forskrifter på viltområdet

Vedlegg i saka:

06.04.2026 Høringsnotat

Kort samandrag av saka

Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har sendt forslag til forskrift om endringer i utvalde forskrifter på viltområdet på høyring. Forslaget med størst verknad på kommunen sitt arbeid er § 29a, 4. ledd som omhandlar mogleg opning for bruk av termiske siktemiddel. Prosessen er særskilt omfattande. Kommunedirektøren meiner at dette er ein unødvendig tungvint og byråkratisk ordning som ignorerer at hjorteforvaltninga skal gå føre seg på større einingar på kryss av kommunegrenser for ta omsyn til hjorten sin arealbruk. Det bør ikkje vere forskjellige reglar i kommunar som deler hjortebestand og ei vurdering av bruk av termiske siktemiddel bør gjerast på høgare nivå enn per kommune.

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringer i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel: Framlegget til § 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta er ikkje mogleg å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje for store ressursar og er unødvendig byråkratisk. Ei eventuell opning av bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå, eventuelt av Fylkeskommunen på regionalt nivå.

Teksten i § 29a bør endrast til:

«Restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord».

Om det er uaktuelt å endre til forslaget over, bør det i alle fall endrast til noko ala:

«Fylkeskommunen kan fastsette forskrift om bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt. Det kan åpnes for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt i regioner der overvåkingsprogrammet for hjortevilt har godtgjort lave gjennomsnittlige slaktevekter og lav produktivitet for ungkoller, henholdsvis under 45 kg og færre enn 50 % av kollene tar kalv ved 1,5 års alder».

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har sendt forslag til forskrift om endringer i utvalde forskrifter på viltområdet på høyring for at dei skal vere i tråd med viltressurslova

som trer i kraft 1. juli 2026. Høringsfristen er 6. mai i år.

Fakta i saka

Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressurslova) trer i kraft 1. juli 2026. Dette gjer at det må gjerast endringar i eksisterande forskrifter, slik at det blir samsvar mellom lovverka. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har sendt forslag til forskrift om endringar i utvalde forskrifter på viltområdet på høyring med frist 6. mai 2026.

Endringa med størst verknad på kommunen er § 29a, i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel (heretter referert til som termiske siktemiddel) i hjortejakta. Forslaget lyd som følgjar:

Fast montert synlig lys kan benyttes for å belyse åte i forbindelse med lisensfelling av jerv. Slik bruk skal rapporteres til statsforvalteren.

Synlig lys kan benyttes ved avliving av vilt som er fanget levende i felle.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på villsvin og rødrev når jakten foregår i åpent terreng eller ved åteplass.

Landbruksdirektoratet kan etter søknad fra den enkelte kommune tillate at det i kommunal forskrift åpnes for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort for å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser. I søknaden må kommunen dokumentere et behov for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler for å avverge alvorlig skade. Slik forskrift kan fastsettes for en periode på inntil fem år om gangen, og skal avgrense bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler til jakt i åpent terreng. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Synlig lys kan benyttes ved den umiddelbare undersøkelsen av og rundt skuddstedet. Dette gjelder ikke ved kvotejakt og skadefelling av gaupe eller ved felling av jerv, bjørn og ulv med mindre noe annet følger av forskrift eller enkeltvedtak.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved ettersøk av påskutt hjortevilt, villsvin og rødrev. Jegeren har bevisbyrden for at påskytingen er lovlig, og skal varsle grunneieren, politiet og kommunen om bruken av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler før ettersøket tar til. Dersom varsling i vesentlig grad vil forsinke ettersøket, kan begrunnet melding om slik bruk sendes samme instanser umiddelbart etter avsluttet søk.

Bakgrunnen for forslaget til § 29a er anmodningsvedtak nr. 746 som sa følgjande: *Stortinget ber regjeringen raskt utforme forskrift som fortsatt tillater bruk av termisk sikte i hjortejakt.*

Fordi Noreg er plikta til å følgje Bernkonvensjonen er det ein del internasjonale reglar lenka til gjennomføring av jakt som er styrande. Konvensjonens formål er å verne vill flora og fauna, samt deira naturlege leveområde, med særleg vekt på trua og sårbare artar. Konvensjonen opererer med lister over plantar som er totalfreda (vedlegg I), dyreartar som er totalfreda (vedlegg II) og andre dyreartar som omfattast av konvensjonen utan at desse er totalfreda (vedlegg III). Bernkonvensjonen har eit forbod mot bruk av termiske siktemiddel for artar som er lista i eitt av vedlegga og hjort står på vedlegg III. Unnatak kan gjerast om det ikkje er nokon annan tilfredsstillande løysing og at unnataket ikkje vil vere skadeleg for bestandens overleving. Unnatak kan gjerast blant anna for å avverje alvorleg skade på avling, husdyr, skog eller andre formar for eigedom. I område med høg bestandstettleik, gjer hjorten betydeleg skade på blant anna jord- og skogbruksareal, samt at påkøyrslar av hjort gjev liding av dyr, materielle skadar på køyretøy og i enkelte tilfelle kan gje personskade.

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad har i fleire år vore med i ei faggruppe for vilt beståande av kommunar i Nordfjord og Sunnfjord. Gruppa har på møte 12. mars 2026 gått gjennom høyringsforslaget. På møte var kommunane Bremanger, Sunnfjord, Stryn, Herøy, Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta representert i tillegg til oss, samt at Hyllestad, Fjaler og Askvoll har bede om å vere med på eit felle høyringsinnspel. Det vert laga eit felles innspel frå denne faggruppa. I tillegg kjem kvar kommune til å kome med sine innspel som har vore til politisk handsaming. Høyringsinnspelet frå viltgruppa er ikkje ferdig i skrivande stund, men delar av første utkast har vore teke inn i denne sakshandsaminga.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Forslaget legg opp til auka tidsbruk for kommunane. Den planlagde prosessen er omfattande der kommunen må dokumentere skadenivået frå hjort i søknad til Landbruksdirektoratet for å opne for å lage ein kommunal forskrift. Om søknaden vert godkjent kan kommunen lage til ei forskrift for ein femårsperiode. Kommunedirektøren må då førebu og greie ut eit forskriftsforslag som må sendast på høyring. Deretter må innkomne høyringsinnspel vurderast og forskriftsforslaget må eventuelt justerast. Ny saksutgreiing må lagast til slik at forskrifta kan vedtakast av kommunestyret og lastast opp til Lovdata. Forskrifta kan vare inntil fem år. Arbeidet vil truleg bety tidsbruk på om lag 5-10 dagsverk for administrasjonen.

Om dokumentasjonen på skade må vere omfattande må nye metodar til, noko som vil vere kostnads- og tidskrevjande for kommunen å gjennomføre. Ein slik ressursbruk kan ikkje forsvarast med tanke på at hjorten er ein talrik art og at det ikkje er noko som tilseier at overlevinga til hjortebestandane i Noreg står i fare. Det er også svært problematisk med tanke på at kommune-Noreg (og offentleg sektor generelt) står i eit stort omstillings- og effektiviseringspress, der vi skal tilpasse oss endra demografi med venta mangel på arbeidskraft til offentlege tenester, i dei komande tiåra.

Konsekvensar for klima og miljø

Det nye lovverket er laga i tråd med naturmangfaldslova, dyrevelferdslova og fleire internasjonale konvensjonar som har som mål å ta vare på natur- og dyreliv. Det er ikkje venta at framlegget om ny viltressurslov vil ha direkte verknader for klima og miljø i seg sjølv.

Sosiale konsekvensar

Viltforvaltning og jakt med tilhøyrande verdiskaping er viktig for folkehelsa og for lokalsamfunnet i kommunen.

Vurdering opp mot planverk

Viltressurslova og tilhøyrande forskrifter legg rammene for forvaltninga av viltressursane. Viltlova må sjåast i samanheng med dei overordna måla, prinsipp og reglar som er følgjer av naturmangfaldslova og dyrevelferdslova. Føringane for forvaltninga av hjortevilt er lagt fram i kommunen sin overordna forvaltningsplan for hjort som er gjeldande ut 2026. Den overordna forvaltningsplanen er lagt fram på ei slik måte at den og vil vere gjeldande etter ny viltressurslov.

Kommunedirektøren si vurdering

Det er spesielt § 29a, 4. ledd som har stor verknad for administrasjonen i kvar kommune. Slik som forslaget er lagt fram er det lagt opp til ein langtekkeleg prosess der kvar kommune først må grunngje behovet i søknad til landbruksdirektoratet før ein lokal forskrift kan lagast og vedtakast av kommunestyret. Ein må rekne med at eit slikt arbeid vil utgjere om lag 5-10 dagsverk per kommune.

Viltforvaltarane i kommunane har allereie stor arbeidsmengde og har ikkje nødvendigvis god kapasitet til å gjennomføre dette arbeidet (kvart 5. år). Bruk av termiske siktemiddel har og vist seg å vere eit betent tema med mange sterke og motsettande meiningar. Når eit så betent tema skal

vurderast på kommunenivå vert også resultatet raskt personavhengig. I tillegg set det kommunen i ei vanskeleg mellomposisjon innanfor eit allereie konfliktfylt arbeidsområde.

I lovverket elles er det lagt fram ønskje om at ein skal forvalte hjorten på bestandsnivå uavhengig av kommunegrenser. Dette er noko det har blitt jobba lenge for å få til. Det blir då ugunstig at reglar rundt jakta skal bli forskjellige mellom kommunane som kanskje deler bestandsplanområde og vald. Det blir og vanskeleg for jeger, som gjerne jaktar i fleire kommunar i same region, å halde tritt med kva utstyr som kan nyttast kor. Spesielt vanskeleg er det for dei valda og bestandsplanområda som kryssar kommunegrenser å vite kva som gjeld for dei.

Det er ikkje lagt fram informasjon om kva nivå dokumentasjonen på skade må ligge på i søknaden om å opne for bruk av termisk siktemiddel. Per i dag vert ikkje skadesituasjonen overvaka på kommunenivå, og det finnst heller ikkje nokon enkel og rimeleg måte å gjennomføre dette på. Det vil enten seie at kommunane må utarbeide ny metodikk for skadeovervaking, eller koste omfattande skadetakseringar av grovfôravleng og produksjonsskog. Sjølv om skadeovervaking er noko kommunane truleg kan samarbeide om, er det usannsynleg at dette let seg løyse utan å setje av store ressursar i kvar kommune.

Det er viktig å understreke at hjorteforvaltninga i Noreg i dag er godt ivareteke der kommunen vurderer utviklinga av bestandet i sine kommunar og tilhøyrande årsleveområde, samt setter mål for framtidig utvikling. Jaktresultat og statistikk nyttast aktivt ved tildeling av løyve og godkjenning av bestandsplanar. Hjorten er ein godt forvalta, og ikkje trua, art i Noreg. Det er tildelte løyve som skal sette rammene for kva dyr og kor mange dyr som blir teke ut i jakta. Termiske siktemiddel må sjåast som eit hjelpemiddel for å nå dei måla som kommunen har satt for utviklinga av bestanden. Om bruk av termiske siktemiddel skal truge hjortebestandane overleving så må det samstundes innebære at rettsreglane som i dag gjeld for tildeling fellingsløyve må setjast til side. Om ein avgrensar bruk av termiske siktemiddel til dyrka jord så vil det, sjølv under desse føresetnadane, vere lite truleg at ein nokon gang kan kome i ein situasjon der hjortebestandane si overleving vert truga. Dyrka jord utgjer ikkje meir enn 3 % av landarealet i Noreg, så på 97 % av landarealet vil det ikkje bli jakta med termiske siktemiddel. Ein stor del av hjortebestanden oppheld seg nok på dyrka jord i løpet av jaktseasonen, men neppe 100 %. Og desto høgare jaktpress det eventuelt vert på dyrka jord, desto meir vil jaktseleksjonen føre til premiering av hjortar som ikkje nyttar innmarka. Dette sidan jakta er den heilt dominerande faktoren for regulering av storleiken til hjortebestandane i dag.

Kommunedirektøren meiner at av forenkling og effektiviseringsomsyn bør ikkje høyringsforslaget vedtakast slik det ligg føre.

Teksten i § 29a bør endrast til:

«Restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord».

Om det er uaktuelt å endre til forslaget over, bør det i alle fall endrast til noko ala:

«Fylkeskommunen kan fastsette forskrift om at bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt. Det kan åpnes for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler til hjortejakt i regioner der overvåkinsprogrammet for hjortevilt har godtgjort lave gjennomsnittlige slaktevekter og lav produktivitet for ungkoller, henholdsvis under 45 kg og færre enn 50 % av kollene tar kalv ved 1,5 års alder».

Dersom det ikkje vert vedtatt ei nasjonal forskrift som tillèt termiske siktemiddel på hjortejakt, bør forskriftsheimelen i alle fall flyttast til Fylkeskommunen. Fylkeskommunane må ha tilstrekkeleg kompetanse på hjorteviltforvaltning.

Det er tildelte fellingsløyve og godkjente bestandsplanar som skal vere styrande for måloppnåinga i hjorteforvaltninga i Noreg og jeger må vite kva dyr som skal takast ut. Ved tildeling av løyve/godkjenning av bestandsplanar gjer kommunane, og jaktrettshavarane, jobben med å vurdere hjortetettleiken, kondisjonen og stammens robustheit, samt beiteskade, påkøysler og anna. Det er dette som skal styre hjorten si utvikling. Bruk av termiske siktemiddel er berre eit hjelpemiddel for å klare å ta ut dei dyra som har blitt tildelt. Dette åleine bør vere grunn god nok til at det kan lagast til ei sentral forskrift i staden for at alle kommunane må lage til ei eiga lokal forskrift på om termiske siktemiddel skal vere lovlege eller ikkje.

Samfunnsutvalet 15.04.2026

Behandling

Justering av tekst, framlegg frå Per Rune Vereide, Senterpartiet
Første avsnitt - endre er "ikkje mogeleg" til "svært utfordrande".

Saksbehandler deltok under behandling av saka
Endringsforslag frå Per Rune Vereide (Sp) vart vedteke samrøystes

SAMF- 019/26 Vedtak

Gloppen kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel: Framlegget til § 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta er svært utfordrande å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje for store ressursar og er unødvendig byråkratisk. Ei eventuell opning av bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå, eventuelt av Fylkeskommunen på regionalt nivå.

Teksten i § 29a bør endrast til:

«Restlysfosterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord».

Om det er uaktuelt å endre til forslaget over, bør det i alle fall endrast til noko ala:

«Fylkeskommunen kan fastsette forskrift om bruk av synlig lys og restlysfosterkende og termiske siktemidler til hjortejakt. Det kan åpnes for bruk av restlysfosterkende og termiske siktemidler til hjortejakt i regioner der overvåkingsprogrammet for hjortevilt har godtgjort lave gjennomsnittlige slaktevekter og lav produktivitet for ungkoller, henholdsvis under 45 kg og færre enn 50 % av kollene tar kalv ved 1,5 års alder».

Samrøystes vedteke